

Valprogram 2019-2023



Tid for endringar i Vindafjord
- les meir

Bygdene sitt ombod

Bjoa bygdeliste har som visjon at heile Vindafjord skal tas i bruk, med ni levande bygder som byr på det gode liv for alle. Gjennom årelang representasjon i noverande og tidlegare kommunestyre har Bjoa bygdeliste synt at vi er eit ombod for alle bygdene i kommunen. Bjoa bygdeliste vil framleis arbeide mot sentralisering og for at bygdene våre skal vera så attraktive som mogleg for både innbyggjarar og næringsliv.



bjoa.bygdeliste.no



Tid for endringar

Dei neste åra må alle norske kommunar gjera store grep. Framom oss står det grøne skiftet, ein naudsnyt overgang til digitale metodar – dette medan den yrkesaktive delen av folket blir færre. Å skryte av at ting går på det jamne held ikkje lenger – me må i fellesskap rigge oss for å møte ei utfordrande framtid.

Oppvekst og ungdom

Kjenneteiknet på ei levande bygd er at ein har lokal skule og barnehage.

Bjoa bygdeliste står for at skular ikkje leggjast ned så lenge foreldre vil oppretthalda tilbodet og undervisningstilhøva er forsvarlege.

Bjoa bygdeliste vil:

- Sikre barne- og mellomtrinn ved skulane i alle ni bygder
 - Arbeide for ei betre og meir fleksibel SFO-ordning
 - At spedbarnskontrollen kjem attende til bygdene
 - Etablere kollektivtilbod tilpassa aktivitetar etter skuletid
- Gi midler og ansvar til grendeutvala for fleire lokale ungdomsaktivitetar

Effektiv kommunedrift

Det er på overtid at Vindafjord tar tak i manglende systematikk rundt kvalitetssikring og internkontroll. Det er dokumentert gjennom mange forvaltningsrevisjonar at dette er eit stort problem for Vindafjord på tvers av tenesteområda.

Bjoa bygdeliste vil:


- Arbeide for ein større gjennomgang og reform av økonomistyringa i Vindafjord
 - At Vindafjord skal utvikle seg til ein meir smidig og innovativ kommune
- At kommunen etablerer forsvarleg systematikk innan internkontroll på alle område
 - Redusere tida og auke kvalieten på søknadshandsaming generelt

Klima, miljø og samferdsle

Lokale tiltak er avgjerande for at Noreg skal nå viktige klima- og miljømål. Vi må ta dei rette vala for å sikre at tiltak blir mest mogleg målretta og effektive.

Bjoa bygdeliste vil:

- At havvind skal prioriterast framfor omfattande vindkraftutbygging på land
- Vindafjord må forplikte seg til same lokale klimamål som på nasjonalt nivå
 - Prøve ut timebuss og/eller andre betringar i kollektivtilbodet lokalt
- Aktivt arbeide med forbetring og trygging av vegane til bygdene våre
 - Sørgje for at Vindafjord er meir aktive mot sentrale myndigheter i samferdslesaker



Det gode liv i Vindafjord

Demokrati og involvering

Ein vital kommune må spele på lag med innbyggjarar, brukarar, tilsette og næringsliv. Dei politiske prosessane er framleis for lukka og ekskluderande, og det er for vanskeleg å følgje med og involvere seg utanfor det politiske miljøet.

Bjoa bygdeliste vil:

- At kommunen tar i bruk teknologi for å oppnå åpent og involverande lokaldemokrati
- At politiske prosessar blir kvalitetssikra for å sikre innsyn og involvering frå alle interessentar
- Ha større samhandling med og ansvar til dei grendeutvala som ønsker å vera aktive



Kommunestruktur og samarbeid

Bjoa bygdeliste meiner at Vindafjord må vera på forskot og ikkje vente på neste hastereform før vi diskuterer kommunal tilknytning og regionalt tilhøyre. Vidare må vi sørge for eigen kontroll over tenester der kommunale samarbeid ikkje gir dokumentert gevinst, slik som til dømes IKT og digitalisering.

Bjoa bygdeliste vil:

- At Vindafjord på eige initiativ må utgreie alle aktuelle kommunestrukturalternativ
- At IKT-samarbeidet med Etne avviklast og ansvaret førast attende til Vindafjord
- At ein ser særskilt på korleis tenestesamarbeida fungerar i komande tilsyn og revisjonar

Helse, omsorg og integrering

Bjoa bygdeliste vil arbeide for trygge livsvilkår for alle, uansett alder, helsetilstand og bakgrunn. Gode tilbod må videreførast og folk som ressurs må koma i sentrum.

Bjoa bygdeliste vil:

- Sikre SLT-koordinator og andre forebyggjande tiltak som viktige investeringar
- At Vindafjord tar i mot fleire flyktningar, som blir busett i heile kommunen
 - Auke bruken av velferdsteknologi for å frigjere hjernekraft og hender til der det trengs

Det gode liv i Vindafjord



*Førstekandidat,
Kristian Haraldson Resset.*

Kandidatar • Bjoa bygdeliste • 2019 - 2023

| | | | | | |
|---|---------------------------|------|----|-----------------------------|------|
| 1 | Kristian Haraldson Resset | 1970 | 10 | Tor Stein Svendsbø | 1961 |
| 2 | Anna Klette Steinsland | 1981 | 11 | Anne-Grethe Gjerde | 1972 |
| 3 | Tormod Sandsgård | 1969 | 12 | Herman Westerman | 1966 |
| 4 | Linn Gjerde | 1977 | 13 | Astrid Margrete Krunenes | 1966 |
| 5 | Øystein Sandsgård | 1969 | 14 | Lars Arne Lien | 1953 |
| 6 | Knut Jørgen Sandvik | 1972 | 15 | Arnfinn Dimosthenis Vølstad | 1963 |
| 7 | Maria Naustdal | 1994 | 16 | Vitalija Skuodaite Vaznone | 1991 |
| 8 | Odd Johannes Lien | 1956 | 17 | Mindaugas Vaznonis | 1991 |
| 9 | Kathrina Håvarstein | 1972 | 18 | Stian Bauge | 1984 |